

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 27.06.2024

Vår ref.: 202410142-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om løyve til å fråvike slepp av lågvassføring frå Nesvatn i Åmli kommune, Agder fylke

NVE har fått ein søknad frå Å Energi Vannkraft AS om løyve til å fråvike slepp av lågvassføring på 900 l/s i elva Gjøv, målt ved Jørundland vassmerke. Å Energi Vannkraft skal vedlikehalda driftstunnelen til Jørundland kraftverk, og må stenge tunnelen for å gjennomføre arbeidet. I dag er det ikkje mogleg å oppretthalde vasslepp samsundes som dei gjennomfører vedlikehald på tunnelen, og under denne fråviksperioden vil Å Energi Vannkraft sjå på høvet for å seinare skifte ut varegrinda slik at dei slepp fleire fråviksperioder. Arbeidet er planlagd i ein periode der Jørundland kraftverk må stoppe på grunn av arbeid på kraftlinjenettet. Dei har søkt om fråvik i inntil tre veker, mellom 31.08-2024-20.09.2024. Dei vil ha høvet for to ukar forlengd fråvik, dersom arbeidet på kraftlinjenettet blir forsinka.

Søknaden er lagt ut på NVE si nettside: www.nve.no/9424/V.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det krevst kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden om mellombels løyve blir derfor berre send på avgrensa høyring til Åmli kommune, Agder fylkeskommune og Statsforvaltaren i Agder. NVE ønskjer tilbakemeldingar knytt til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til uttalelse@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202410142 i emnefeltet.

Frist for innsending av høyringsfråsegn er:

22.08.2024

Med helsing



Brit Torill Haugen
fagleiar

Ylva Bencze Rørå
førstekonsulent

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

Åmli kommune
STATSFORVALTEREN I AGDER
AGDER FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

Å ENERGI VANNKRAFT AS